

Maria Parr

*Keeperen og  
havet*

Samlaget  
Oslo 2017

- 
- 
- 
- 

Del 1

*Sommar og saltvatn*

## *Molohoppet*

Ytterdøra vår small så det rista i heile huset, og så følgde eit frykteleg brak og roping.

– Søren salte!

Eg kom meg fortumla ut i gangen på loftet. Der stod resten av familien min allereie, med sovesveisar og forvirra uttrykk. Minda, storesøstera mi, hadde opna berre eine auget. Pappa såg ut som han ikkje visste om han var mann eller dyne.

– Bang! sa Krølla høgt.

– Kva *var* det der? spurde Magnus, storebroren min.

– Enten, sa mamma, – så er det ein naturkatastrofe, eller så har Lena Lid kome heim frå ferie.

Det var ingen naturkatastrofe. Då eg kom ned trappa, stod Lena, min kjære venn og nabo, ute i gangen.

– Hei, Trille, sukka ho.

– Hei. Kva er det der?

– Det er presangen din.

Eg gnei meg i auga.

– Takk. Kva er det for noko?

– Ein haug med pinnar og glasbrot, ser du vel! Men det *var* ei flaske med eit seglskip inni.

Lena var djupt ulukkeleg.

– Kanskje det går an å fikse? sa eg.

Fikse? Det hadde vore verdas finaste presang. Det gjekk ikkje an å fikse!

– Eg fattar ikkje korleis dei hadde greidd å få skipet inn i flaska, Trille. Segla stod rett opp og var masse breiare enn tuten.

Mamma hjelpte til å rydde opp i forliset. Ho ville kaste det, men eg samla alle glasbrota og pinnane i ein isboks og sette han på rommet mitt. Det var trass alt ein presang.

Lena sette seg ved frukostbordet vårt. Eg måtte sjå grundig på henne fleire gongar. Ho hadde klipt seg og fått nokre fargesprakande flettegreier i håret. Brun var ho også. Sjølv følte eg meg litt for lik meg sjølv, der eg sat i den same shortsens som eg hadde då ho reiste. Vi dreg nesten aldri på ferie, vi. I alle fall ikkje til utlandet. Vi har garden og alt det der. Men Lena, den heldiggrisen, ho hadde vore to lange veker på Kreta saman med mor si og Isak.

Ho hadde drukke smoothies med paraplyar i, fekk eg vite, medan eg åt leverposteiskiva mi. Og ho hadde

sove under berre eit laken og bada i lunka sjø. Det var hundrevis av små butikkar der, med millionar kule ting som ho hadde råd til. Slik som den flasken. Til middag hadde ho ete chips kvar dag. Og på Kreta, der var det så varmt midt på dagen at det var nesten som å stå rett ved eit jonsokbål heile tida.

– Du skulle søren ta kjent, Trille!

– Ja, sa eg og togg vidare.

Det var irriterande å aldri ha vore i Syden. Men eg hadde noko å fortelje, eg også. Eg venta spent på at Lena skulle spørje om det hadde skjedd noko nytt i gamlelandet. Men nei. På Kreta var der ein racerbåt som ho hadde køyrt til ei øy, og mora hennar hadde prøvd å henge etter han i ein eller annan ballong i lufta.

– Sa eg kor varmt det var, forresten? spurde ho.

Eg nikka. Lena dura vidare om ein laushund som heitte Porto, som kanskje hadde rabies, og om nokre jenter ho hadde leika med, som nesten ikkje torde nokon ting med balansering, og om pannekaker til frokost.

Til slutt orka eg ikkje vente lenger:

– Eg har hoppa frå det høgaste på moloen.

Lena stoppa endeleg å prate og kneip auga mistenk-samt saman.

– Du køddar.

Eg rista på hovudet. Naboen min reiste seg opp. Eg såg heilt tydeleg at dette var ein slik ting ho måtte sjå før ho trudde på det. Det skulle ho jammen få!

– Takk for maten, mumla eg med munnen full og reiv badehandduken min ned frå trappegelenderet.

Moloen i Knert-Mathilde har ein badeplass i armkroken sin. Om vinteren blæs stormane inn fin sand, som vi kan lage sandlott og borger av. Men då Lena reiste på ferie denne sommaren, hadde eg fått vere saman med Minda og Magnus og vennane deira på utsida av moloen, der alt er høgt og djupt og kaldt. Det var som å begynne eit nytt liv, nesten.

Når det gjeld å hoppe ned frå høge ting, så er det Lena som er meisteren i Knert-Mathilde. Ingen har så lite skrekk i magen som henne. Eller så lite vett i skolten, som Magnus brukar å seie. Men Lena har aldri hoppa frå moloen. Ho flyt så dårleg.

– Å hive Lena på sjøen er omtrent som å hive ut eit anker, seier farfar.

Det var ein sensasjon at det fanst noko eg kunne hoppe ifrå, som ho ikkje kunne. Eg følte på meg at Lena likte det svært dårleg.

No stod eg på den øvste molosteinen. Det var grytidleg morgon og berre seksten grader i lufta.

– Er du sikker på du har psyke til dette, spurde Lena alvorleg.

Ho lente seg over ein av dei andre steinane, med jakke og sydenskjerf. Eg nikka. Eg hadde gjort det mange gongar medan ho var borte. Men det hadde alltid vore flod. No var det fjøre og lenger ned. Eg kunne sjå botnen. Vinden blafra i badeshortsen. Ein augeblink tenkte eg at det ikkje var verdt det. Men så såg eg Kreta-Lena stå der lent over steinen og ikkje tru på meg. Eg lét att auga og drog inn pusten: Ein. To. TRE!

Kadaplask! sa det då eg trefte vatnet, og sworlsjh, surkla det då sjøflata lukka seg over hovudet på meg. Den første gongen eg forsvann slik ned i djupet, trudde eg at eg kom til å drukne. No visste eg at det berre var å sprelle som ein galen med beina og halde pusten.

– Puh! bles eg då eg skaut gjennom vassflata og inn i sommarmorgonen.

Lena hadde klatra opp på steinen og såg mistruisk ned på meg. Eg smilte triumferande. Der fekk ho!

Ikkje før hadde eg tenkte det, før Lena sette eine foten framom den andre, slo seg på kinna og gaula:

– A-i-a-i-aaaaaaaaa!

Og så flaug ho gjennom lufta i dongeribukse, genser, jakke, skjerv og joggesko.

– Kadaplask!



Hoppet frå moloen var vel det som fekk Lena skikkeleg heim frå ferie. Det er liksom ikkje den same spruten over å fortelje om smoothies på Kreta når ein nettopp nesten har drukna i Knert-Mathilde. Ho kom til overflata etter uendeleg lang tid og forsvann igjen med eit blurp. Om ikkje farfar hadde kome med kleppen, så veit eg ikkje korleis det hadde gått. Han drog henne på land som ein stor fisk, medan Lena hosta og peiva verre enn nokon gong.

– Eg var faktisk drukna ei lita stund, sa Lena etterpå.

– Eg såg eit stort lys.

Vi hadde drukke to koppar av Isak sin gloheite julkakao, og likevel skalv Lena som ein plenklippar på tomgang.

– Pff, sa eg. – Det går ikkje an å drukne og leve vidare. Det var berre sola, slik ho ser ut under vatn.

– Det bestemmer ikkje du! Sjøen i Knert-Mathilde er kaldare enn iste. Folk på Kreta hadde seriøst døydd av å bade her!

Eg sa ingenting. Det var no her vi alltid hadde bada!



– Ja ja, sa Lena. – Eg kjem aldri meir i mi levetid til å hoppe frå den moloen i alle fall, for no har eg gjort det.

Fornøgd la ho hovudet bakover og tylla i seg den siste slanten med kakao.